



Utdeling av medisinar i skulen

02.04.2025

Ansvar:

Føresette har ansvar for medisinering av sine barn. Dersom legemidlar må takast i den tida eleven er på skulen, og eleven treng hjelp til dette, skal det inngås ein avtale mellom føresette og skule om korleis ein skal gjera dette. Avtalen bør være skriftleg.

Ingen tilsette kan påleggjast å dela ut medisinar mot sin vilje.

Personalet skal ikkje på eiga hand foreta medisinering med handkjøps-preparat som f.eks. smertestillande eller febernedsettande. (Paracet og Ibx). Ved uventa behov for handkjøps-preparat må eleven/føresette ordne dette sjølv.

Når en elev må ta faste medisinar i skuletida:

Når personalet skal levere ut legemidlar medan eleven er på skulen, må det inngås skriftleg avtale mellom skule og føresette. Føresette skal levere tydeleg skriftleg informasjon (medisinoversikt) som viser medisinar som eleven brukar, og gi personalet informasjon og rettleiing i korleis medisinane blir brukt. Dette kan evt gjerast i samarbeid med fastlege eller skulehelsetenesta.

Korleis inngå avtale

For å inngå avtale om hjelp til medisinering i skulen, ta kontakt med skulen eller skulehelsetenesta.

Barneskule: 56589980 / barneskulen@samnanger.kommune.no. Skulehelset.: Tlf 45322852

Ungdomskule: 56589960 / ungdomsskulen@samnanger.kommune.no

Medisinoversikt

Medisinoversikta skal visa elevens namn, og innehalde dei medisinane eleven bruker (medikamentnamn, når medisinen skal gis og dose som skal gis ved kvart tidspunkt). Medisinoversikt skal leggjast ved avtale om medisinering mellom skule og føresette.

Observasjon

Dersom det er spesielle ting personalet bør følgja med på med omsyn til elevens medisinar eller sjukdom, må føresette gi informasjon om dette. Dette føres inn i avtalen om medisinering mellom skule og føresette.

Mottak av medisinar:

Skulen skal ha eige skjema for mottak av medisinar.

Faste medisinar:

Medisinar som leverast til skule, bør liggja i dosett (doseringsseske). Føresette merker

dosetten tydeleg med elevens namn, samt innhold. Det er føresette sitt ansvar at dosetten inneheld riktige legemidlar.

Behovsmedisin:

Medisin som ikkje tas til faste tider, men kun ved behov, skal leverast i originalpakning, merka med namn og bruksmåte. Det bør ikkje leverast meir medisinar enn til ca 2 vekers forbruk.

Oppbevaring av medisinar

Medisiner skal oppbevarast på ein betryggande måte, og slik at ikkje andre barn får tilgang til dei. For barn som treng akuttmedisin, bør dette oppbevarast på skulen, slik at det er tilgjengeleg ved behov.

Utlevering:

Skulen skal ha eige skjema for utlevering av medisinar.

Dei som skal utlevere medisinar må ha den nødvendige kunnskap. Kva som er nødvendig kunnskap, må vurderast av lege i kvart enkelt tilfelle. Det er difor viktig med samarbeid mellom skule, føresette og eventuelt barnets lege eller skulehelsetenesta. Det bør være avklart kven som til ei kvar tid kan utlevere medisinar til barnet f.eks. dersom den som vanlegvis gjer dette ikkje er til stades.

Akuttmedisinering:

Dersom eleven har sjukdom som kan krevje akutt behandling på skulen, (for eksempel epileptiske anfall, astmaanfall, diabetes, allergiske anfall) skal det finnast ein instruks for akuttmedisinering. Denne bør være signert av behandlande lege. Føresette har ansvar for at ein slik instruks er levert til skulen, og at den blir oppdatert ved eventuelle endringar i elevens tilstand. Den som gir medisin ved akutte tilfelle, skal følgja instruksen. Føresette gis informasjon om behandlinga som er gitt. Ved akutte anfall som avviker frå instruksen skal legevakt kontaktast.

Dersom det skjer feil:

Dersom det skjer feil ved medisinering av eleven, skal alltid føresette kontaktast/informerast. Dersom føresette eller personell meinar det er nødvendig, kontaktast lege/skulehelsetenesta. Feil dokumenterast på medisineringsskjema, event. i barnets journal.

Formål:

Formålet med denne rettleiaren er å bidra til gode rutinar, god kommunikasjon og informasjon mellom dei berørte partar, og derav ein sikker medisinering av dei barna det gjeld.

Målsetting:

- Sikra at born får riktige medisinar til rett tid og på riktig måte.
- Sikra at personale som deler ut medisinar gis tilstrekkeleg kunnskap og informasjon.
- Gjera føresette trygge på at skule ivaretar medisinhåndteringa på ein betryggande måte.



Ta gjerne kontakt med skulen dersom du har spørsmål.